



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 3. november 2025

Sak 2025/348 - Støylsveg Ytre Kandal - org.nr. 929 657 721 - klage over vedtak om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Medlemmer i Lotterinemnda: Leiar Martin Hennig, medlem Renate Kristiansen og Joachim Amundsen Trana

Bakgrunnen for saka

- (1) Støylsveg Ytre Kandal (heretter «klagar» eller «veglaget») søkte 2. september 2024 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2023. Søknaden gjaldt eit kompensasjonsbeløp på 27 087 kroner etter dokumentert modell.
- (2) Lotteritilsynet av slo søknaden 17. desember 2024, med den grunngivinga at det ikkje blir gitt kompensasjon til verksemd som gir privatøkonomiske fordelar eller dekker det som normalt må sjåast på som kostnader av privat karakter. Tilsynet viser til at føremålet til klagar er å vedlikehalde og drifte ein privat veg som går til Ytre Kandal-/Nesstøylen. Alle medlemmene i veglaget er grunneigarar i området som vegen dekker. Drift og vedlikehald av private vegar gir privatøkonomiske fordelar, og gir ikkje rett til kompensasjon. Tilsynet ser også av årsmeldinga til klagar at store delar av verksemda i 2023 har vore knytt til ei oppgradert bru. Kostnader til ny-, på- og ombygging av bygg, anlegg eller annan fast eigedom gir ikkje rett til kompensasjon.
- (3) Støylsveg Ytre Kandal klaga på vedtaket 6. januar 2025. Klagar påpeiker at vegen er open for fri ferdsel for alle, mot betaling av avgift for køyretøy. Vegen er ikkje fysisk stengd med bom. Klagar viser til at det i vedtektene § 11 står at årsmøtet fastset vegavgift for andelseigarane, og årsavgift og bomavgift for andre brukarar. Vedtektene viser at alle betaler avgift for å bruke vegen. Klagar viser vidare til at vegen blir brukt som tilkomstveg til store friluftsområde i Gloppen kommune, og at området er ein av innfallsportane til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Vegen blir nytta både av køyrande og av fotturistar. Det er parkeringsplass, toalett og informasjonstavler på støylsområdet. Klagar viser også til at det framleis blir dyrka grovfôr på støylen, og at det står eit gammalt ysteri der som blir drifta og vedlikehalde av ei frivillig foreining. Bygningen og utstyr som er knytt til ystinga er teke godt vare på, og dette har stor historisk og kulturell verdi. Det blir halde omvisingar i ysteriet. Støylen blir også brukt til friluftsgudstenester og organiserte støylsdagar med mange besøkande. Støylen er vidare utgangspunkt for fjellturar arrangert av turlag og andre frivillige organisasjonar. Klagar meiner at støylsvegen er den einaste naturlege tilkomstvegen for desse arrangementa. Klagar gjer vidare gjeldande at oppgraderinga av brua må reknast som kostnader til vedlikehald og drift. Det vises elles til klagen i sin heilskap. Vedlagt klagen var ein e-post frå verneområdeforvaltar og bilete av brua før og etter oppgraderinga.

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon:

+47 55 19 30 00

- (4) Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket og sende klagen med innstilling 26. februar 2025 til Lotterinemnda for behandling, jf. forvaltningsloven § 33.
- (5) Klagar sende inn merknader til innstillinga 17. mars 2025.

Det rettslege grunnlaget

- (6) Det rettslege grunnlaget er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner (forskrifta).
- (7) Det følger av forskrifta § 8 første ledd at søknadsbeløpet i dokumentert modell er meirverdiavgiftskostnader på varer og tenester basert på rekneskapen eit år tilbake i tid, etter generelle avgrensingar etter § 6.
- (8) Forskrifta § 6 bokstav a fastset at det ikkje skal ytast kompensasjon for kostnader eller nyskaffingar som fell utanfor den frivillige og ikkje-fortenestebaserte delen av verksemda eller som er knytt til verksemd som kjem inn under § 3 tredje ledd.
- (9) Det følger vidare av forskrifta § 3 tredje ledd bokstav d at det ikkje blir gitt meirverdiavgiftskompensasjon til verksemd som kjem ein lukka krets til gode, gir privatøkonomiske fordelar eller dekker det som normalt må sjåast på som kostnader av privat karakter.
- (10) I forskrifta § 6 bokstav b står det også at det ikkje ytast kompensasjon for ny-, på- og ombyggingskostnader for bygg, anlegg eller annan fast eigedom som ikkje reknast som drifts- og vedlikehaldskostnader.
- (11) Av forvaltningsloven § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheva det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemndas vurdering

- (12) Klagen til Støylsveg Ytre Kandal gjeld vedtaket til Lotteritilsynet 17. desember 2024 om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2023.
- (13) Det følger av forskrifta § 3 tredje ledd bokstav d at kostnader knytt til verksemd som gir privatøkonomiske fordelar eller dekker det som normalt må reknast som kostnader av privat karakter, ikkje gir rett til kompensasjon.
- (14) I høyringsnotat 11. desember 2017 om «Ny forskrift om merverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjoner» punkt 2.4.2, har departementet uttalt følgande om privatøkonomiske interesser:

«Det er ikke intensjonen med ordningen at privatøkonomiske interesser eller virksomhet av privat karakter skal motta kompensasjon. For å sikre at midlene kommer reell frivillig virksomhet til gode vil departementet tydeliggjøre dette i forskrift. I dagens ordning kan for eksempel ikke veilag eller antennelag motta kompensasjon, da disse arbeider for medlemmenes privatøkonomiske interesser. [...]»

- (15) Føremålet til klagar er å vedlikehalde og drifte støylsvegen til Ytre Kandal-/Nesstøylen, jf. vedtektene § 2. Søknadsbeløpet til klagar gjeld kostnader til vedlikehald og drift av denne private vegen, då hovudsakleg kostnader til restaurering av ei bru som ligg nær støylen.
- (16) Lotterinemnda påpeiker at det er eigarar av støylseigedomar på Ytre Kandal-/Nesstøylen som er medlemmer av veglaget, jf. vedtektene § 4. Nemnda kan ikkje sjå at vedtektene opnar for at andre enn dei som har eigedom på støylen kan bli medlem av veglaget. Av Norgeskart er det tydeleg at vegen strekk seg frå fylkesveg 696 og endar oppe ved støylen. Veglaget krev inn avgift frå dei som vil køyre på vegen, og medlemmene av veglaget betalar sjølv ei årsavgift for å bruke vegen.
- (17) Lotterinemnda legg til grunn at vegen opp til støylen blei etablert for å lette tilkomsten for dei som har eigedom på støylen. Utgangspunktet er då at kostnader til vedlikehald og drift av denne vegen, må reknast som kostnader av privat karakter, jf. forskrifta § 3 tredje ledd bokstav d. Nemnda påpeiker også at departementet har halde veglag utanfor kompensasjonsordninga på generelt grunnlag, jf. høyringsnotatet 11. desember 2017.
- (18) Klagar gjer gjeldande at allmenta også har nytte av vegen. Klagar viser mellom anna til at det står eit gammalt ysteri på støylen, som er drifta og vedlikehalde av ei frivillig foreining, og her er det omvisingar. Støylen blir også brukt til friluftsgudsteneste og er utgangspunktet for fjellturar. Støylsvegen blir brukt som tilkomstveg til store friluftsområde, og det er parkeringsplass, toalett og informasjonstavler på støylsområdet.
- (19) Lotterinemnda legg til grunn at støylsvegen også er til nytte for allmenta. Nemnda påpeiker likevel at vegen historisk sett blei oppretta for å gi betre tilkomst for dei med eigedom på støylen, og for å tene dei næringsinteressene som var knytt til støylen. Vegen skal uansett dekke private interesser for grunneigarane og er privateigd. Dette underbyggast også av at ein må betale avgift til veglaget for å køyre på vegen. Nemnda legg derfor til grunn at kostnader til vedlikehald og drift må reknast som kostnader av privat karakter.
- (20) Lotterinemnda kjem derfor til at kostnader til vedlikehald og drift av støylsvegen må reknast som kostnader av privat karakter, jf. forskrifta § 3 tredje ledd bokstav d. Slike kostnader gir ikkje rett til kompensasjon. Dette gjeld heile søknadsbeløpet, og det er derfor ikkje nødvendig for nemnda å ta stilling til om kostnadane til restaurering av brua er drifts- og vedlikehaldskostnader, jf. forskrifta § 6 bokstav b.

Konklusjon

- (21) Lotterinemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka at vedtaket skal oppretthaldast.

Vedtak

Klagen blir ikkje teke til følge.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur